



Grunna

TERJE TORKILDSSEN

DET ER DEN VARMASTE sommaren nokosinne. Alle seier det. Dei vaksne seier det, vêrdamene på TV seier det, og dei skriv om det i avisene. Til og med gamle Anton Olsen på sjukeheimen, han som blei kjendis då han hoppa i fallskjerm på hundreårsdagen sin, er einig i at dette er den varmaste sommaren nokosinne. Aldri har det vore så heitt, og det har vore varmt lenge. Heilt sidan 17. mai. Jostein og Benjamin bada i fjorden lenge før skuleferien starta, og vatnet blir varmare for kvar dag som går. Storelva, som vanlegvis renn stri og kald gjennom dalen, har tørka inn til ein liten bekk. Laksen står tett som brisling i boks utanfor elveosen, og ute i blindleia har nokre ungdommar fanga ein diger månefisk med berre hendene. Han låg berre der og duppa i det varme vatnet, sa dei. Ingen har nokon gong fanga ein månefisk så langt nord før. Men det er verken laksen eller månefisken Jostein og Benjamin skal komma til å hugsa denne sommaren for.

Jostein står på ferjekaia og kastar småstein ut i fjorden. Benjamin ligg på ryggen i den oransje gummibåten og halvsøv. Dei har berre på seg badebukse. Sola står på sitt høgaste, og termometeret har for lengst krope over tretti gradar. Fjorden ligg blank og stille som ein dam rundt dei. Jostein og Benjamin har bada i fjorden kvar einaste dag i fleire veker. Dei har sumt og stuft, hoppa og dykka. I timevis har dei lege på ryggen i gummibåten eller på magen på brygga med eit fiskesnøre i neven.

– Kor langt trur du det er over? spør Jostein og sender ein halvstor stein ut i fjorden.



– Kor då? Benjamin set seg opp i båten og vrir den solbrune nakken sin frå side til side.

– Over fjorden, vel. Kor langt trur det er herifrå til den andre sida?

Benjamin heiser lett på to smale skuldrer.

– Veit 'kje. Ei mil kanskje.

Jostein prustar.

– Ei mil? Det kan vel ikkje vera ei mil? Ei mil er jo ti tusen meter. Har du prøvd å telja til ti tusen nokon gong?

Benjamin tenkjer seg om nokre sekund.

– Nei, det har eg nok ikkje. Kunne sikkert klart det, men det ville tatt sjukt lang tid.

– Nettopp. Jostein klør seg i det kortklippede raude håret og myser over mot den andre sida.

– Det er nok meir enn tusen meter. Tusen meter er ein kilometer. Det er nok meir enn det, trur du ikkje?

– Veit vel ikkje eg, vel, svarer Benjamin uinteressert. – Eg drit i kor langt det er over fjorden. Kvifor vil du plent vita det?

Jostein ser ned på Benjamin i båten og smiler lurt.

– Fordi eg har lyst til å symja over.

Benjamin blæs av det.

– Så dum er du ikkje.

Jostein viser ein tanngard med kvite tenner.

– Er du sikker på det?

Ein god ting med alt det fine sommarvêret og det varme vatnet i fjorden er at dei to kompisane er blitt mykje betre til å symja. I vår klarte ikkje Benjamin å ta 25-metersmerket. Dei skulle berre symja fram og tilbake i bassenget på skulen utan å trø i botnen. Likevel klarte han det ikkje. Det var flautt, for to av jentene i andre klasse hadde klart det ganske enkelt, og han var den eldste guten på heile SFO-en som ikkje klarte det. No derimot, kan han stupa frå ferje-kaia og symja over til badestigen på gjestebrygga utan problem. Og Jostein sym som ein fisk. Han har lært seg både krål og ryggsymjing, men kan han verkeleg klara å symja over fjorden?

– Du kan følgja etter meg med gummibåten, seier Jostein, – i tilfelle eg ikkje klarer det.

Benjamin ser skeptisk opp på kompisen.

– Seriøst?

– Ja, eg meiner det. Eg har lyst til å prøva. Eg trur eg kan klara det. Eg las nettopp om ein gut på vår alder som hadde sumt over den engelske kanalen. Det er mykje lenger enn dette. Viss du ror ved sida av meg i gummibåten, så kan eg jo berre klatra oppi båten viss eg får problem.

Benjamin skuggar med handa under den svarte, strie panneluggen og kikkar over mot den andre sida.

– Eg veit ikkje om eg klarer å ro så langt eingong.

Jostein smattar oppgitt.



– For noko tull. Det er klart du klarer det. Me har jo rodd fjorden rundt med den båten i sommar.

Benjamin er ikkje overtydd.

– Det er jo brådjupt der ute. Mange hundre meter, seier morfar. Kjem 'kje til botnen med havfiskesnøre eingong.

Jostein verkar brått litt mindre tøff i trynet, men hentar seg fort inn igjen.

– Eg drit i kor djupt det er. Eg har ikkje tenkt å dykka ned til botnen uansett. Eg har tenkt å symja over til den andre sida. Er du med meg, eller er du mot meg?

Benjamin nøler.

– Ok, men me må i alle fall ta med redningsvestar.

Jostein himlar med auga.

– Eg kan jo ikkje symja over med redningsvest!

– Nei, det var ikkje det eg meinte. Me må berre ha vestane med i båten, sånn i tilfelle.

– Nei! Alltid skal du vera så pysete, Benjamin. Me gidd ikkje å henta vestane. Me gjer det no, gaular Jostein og stuper elegant frå ferjekaia ned i vatnet.

Ein time seinare er dei to gutane komne langt utpå fjorden. Jostein stønnar. Han snur seg rundt på ryggen og spratlar med beina.

– Er me halvvegs, trur du?

Benjamin vrir på hovudet.

– Njaa... Vanskeleg å seia, eigentleg. Trur ikkje det. Vil du gi deg?

– Nei då. Må berre symja litt på ryggen no for å få litt variasjon. Blir så stiv i nakken elles.

– Du må berre seia frå viss du vil gi deg. Du har sumt imponerende langt uansett, vil eg seia.

– Ja, det var lenger enn eg trudde, dette. Tykkjer liksom ikkje eg kjem nærmare land same kor lenge eg sym.

– Jau, men du ser det viss du snur deg og ser heimover. Det er nok ikkje lenge til det blir like langt å symja tilbake igjen som å ...

Benjamin stoppar midt i setninga og kikkar ned i vatnet.

– Hei, det var merkeleg.

– Kva då?


– Fjorden skiftar farge.

– Hæh?

– Ja, ser du ikkje det? Han blir mørkare.

Jostein snur seg rundt på magen igjen og ser ned i vatnet. Først er han litt forfjamsa, men så smiler han frå øyre til øyre.

– Snakk om flaks. Det er ei grunne her. Eg står i botnen!



– Hæh? Benjamin sluttar å ro, lener seg over ripa og ser ned i det stille, klare vatnet. – Ei grunne her, midt i fjorden?

– Ja. Jostein ler. – Det kjennest som eit svaberg.

Han finn fotfeste på det glatte underlaget og reiser seg opp. Det er tydeleg at han står i botnen. Vatnet rekk han til navlen. Benjamin sit i gummibåten og trur knapt det han ser.

– Så sjukt. Ei grunne midt i fjorden. Korleis er det mogleg? Burde det ikkje vera ein stake eller ei lykt eller noko her, då? Det er jo så grunt at båtar kan forlisa.

Jostein strekkjer armane i vêret og rettar ut ryggen.

– Fyttigrisen, der hadde eg flaks. No var det like før eg ville gi opp heile greia. Begynte å bli skikkeleg sliten, og så dukkar det opp ei grunne midt i fjorden.

– Men du må vera forsiktig, seier Benjamin. – Det er straum her.

– Kva meiner du?

– Det er straum i vatnet. Du kan sjå det på magen din. Vatnet beveger seg, sånn som det gjer i elveosen.


Jostein ser ned på magen sin. Benjamin har rett. Det er ein liten straum i fjorden, og plutseleg er det som om straumen blir sterkare. Den stille overflata blir broten av små dønningar, og det dannar seg

kvervelstraumar rundt dei. Jostein byrjar å skli på det glatte underlaget og får problem med å halda seg oppreist.

– Kva er det som skjer?

Benjamin skotar med årene for å komma nærmare kompisen, men straumen er for sterk. Avstanden mellom dei blir berre større. Jostein byrjar å skrika. Han har forstått kva som skjer. Det er ikkje straum i fjorden. Vatnet er stille. Det er grunna som beveger seg, framover og nedover. No rekk ikkje vatnet Jostein til navlen lenger, det rekk til brystet, til armholene, til halsen. Han mistar fotfestet. Grunna sig sakte ned mot det endelause djupet. Jostein sym for livet mot kompisen i båten, men suget frå den søkkande grunna er så sterkt at han ikkje kjem

av flekken. Dragsuget trekkjer han bakover og nedover. Benjamin snur gummibåten og fossror mot kompisen i malstraumen. Han spenner alle musklane i den spinkle kroppen til kvart einaste åretak. Han ror så hardt at han nesten pløyer baugen på gummibåten



ned i fjorden. Han er så konsentrert om roinga at han ikkje ensar at straumen brått blir borte.

Fjorden får tilbake den lyse, blanke fargen sin, og millionar av bitte små luftbobler pipar opp frå djupet. Benjamin sluttar å ro. Han set seg opp på kne i gummibåten og ser seg fortvila rundt til alle kantar. Han kan verken sjå det livredde fjeset til kompisen eller høyra dei forferdelege skrika hans lenger.

– Jostein? seier han spørjande.

Han får ikkje svar. Fjorden ligg berre roleg og taus og blinkar i sola slik han har gjort heile sommaren.

– Jostein! Benjamin skrik så høgt at stemma sprekk.

Ingen svarer. Han kan ikkje høyra ein lyd. Ikkje så mykje som eit einaste lite bølgeskvulp. Ingen måkeskrik. Ingenting. Fjorden ligg berre der, stille som ein spegel.

Sekunda går. Benjamin byrjar å gråta. Han slepper årene og reiser seg opp i båten. Det er vanskeleg å halda balansen.

Skal han stupa uti? Fjorden ligg flat og ufarleg framføre han og lokkar. Ein stad der nede er bestekompisen hans. Benjamin skal til å hoppa, men så blir den blanke vassflata plutselig broten av ein liten knyttneve. Ein solbrun torpedo kjem opp frå djupet.

Jostein hiv etter pusten og syg lungene fulle av livsviktig luft. Benjamin gaular namnet hans. Jostein får auge på kompisen og blir til ein propell. Det ser ut som han galopperer oppå vatnet, og då han er eit par meter unna, vaker han som ein brun laks over ripa og landar på magen oppi gummibåten. Benjamin ramlar på rumpa. Utan å tenkja seg om tar han tak i årene og ror så fort han kan mot land. Heimover.

Jostein krøllar seg saman bak i båten. Han byrjar å hakka tenner og stirer framføre seg med kulerunde auge. Ingen av dei seier noko.

Benjamin ror raskt og taktfast, som om han var med i ein regatta. Båten glir fort og beint bortover den blanke fjorden. Sola skin ned på gutane frå ein lyseblå himmel. Benjamin prøver seg på eit smil. Jostein ser usikkert på han. Benjamin byrjar å le. Jostein prøver å tvinga fram eit smil, han òg, men får det ikkje til. Smilet blir til ein grimase, og han klarer ikkje å halda tårene tilbake.

– Det er ikkje noko å le av, seier han kvast.

– Unnskyld, seier Benjamin, men klarer ikkje å la vera å sleppa ut ein liten latter mellom lippene.

– Det er ikkje noko å le av, seier eg.

Benjamin held kjeft og fortset å ro stødig og sikkert heimover.

– Sorry. Det er ikkje det at ... Det er berre så merkeleg ... Kor er det blitt av badebuksa di?

Jostein kikkar ned i båten. Han har ikkje bukse på seg lenger. Han er kliss naken.

– Det var merkeleg, seier han og ser på Benjamin med open munn. – Det må ha vore grunna som tok ho. Grunna tok med seg badebuksa mi.

